


**Klepp kommune**  
**ETAT FOR SKULE OG BARNEHAGE**

Postboks 25  
4358 Kleppe  
Tlf 51429800



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref</i>
04/49-23	23151/07	A10 &00	OPP/OPP/AAKH	

## **SVAR PÅ HØYRING OM ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA**

### **Innføring av ein lovfesta rett til barnehageplass.**

Klepp kommune ser positivt på at barn får ein lovfesta rett til barnehageplass. Dette vil og vera i tråd med ordningane for det vidare utdanningsløpet.

Klepp kommune vil ikkje ha problem med å forhalda seg til trinn 1 frå 2009. Lovteksten bør endrast slik at det kjem klarare fram at det gjeld dei barna som er 1 år innan oppstart av nytt barnehageår, ikkje 1 år ved oppstart. Slik det står i forslaget, kan det tolkast som kva tid som helst i året.

Når det gjeld trinn 2 må tidsperspektivet og finansiering avklarast.

Kommunane treng tid til å planlegga utbygging av desse siste plassane, det er difor viktig at det blir klart kva tid trinn 2 om rett til barnehageplass blir innført.

Kommunane må og få veta noko om korleis bygging og drift av desse plassane er tenkt finansiert. For Klepp kommune, som har eit gjennomsnittleg barnetal på ca. 250, vil eit halvt årskull til med barn utgjera ca. 100 barn under 3 år med behov for barnehageplass. Personane som skal ivareta desse barna må tilsetjast fast, slik at deler av året vil barnehagane ha ei tettare vaksendekking. Dersom finansieringa av dette blir sikra vil dette vera bra for både det enkelte barn, deira foreldre og barnehagane. Barna vil, i oppstarten av barnehageåret, då få ein god oppstart med tett vaksendekking. Nye barn vil koma til etterkvart og fylle opp gruppene.

Det vil vera naturleg med løpande opptak etterkvart som barna blir eitt år. Det er ingen meining i å ha plassar ståande ledige fram til nytt opptak i februar, dersom behovet er frå 1. november.

Det må og klargjerast kva rett barn har til barnehageplass når dei kjem flyttande til kommunen. For mange kommunar vil dette utgjera ganske mange barn i løpet av eit år. Rettane til desse barna må det og takast høgde for når det gjeld utbygging og finansiering.

Med innføring av rett til barnehageplass for det enkelte barn, er tida no mogen til og å flytta retten til spesialpedagogisk hjelp for førskulebarn frå opplæringslova til barnehagelova.

### **Innlemming av statstilskota til barnehagar i inntektssystemet til kommunane.**

Klepp kommune har ingen merknader til dette.

### **Finansiering av ikkje – kommunale barnehagar.**


Når kommunane får heile ansvaret for finansieringa av barnehagane, er det og rett at kommunane får full styringsrett over barnehagetilbodet i kommunane. Kommunane kjenner sjølv lokale forhold og behov best. Det blir rett då at kommunane kan styra utbygginga med hjelp av godkjenning over kva for nokre barnehagar som skal få kommunale tilskot. Staten må og ha tru på at kommunane har den kompetansen som er naudsynt for å lage gode lokale forskrifter og ordningar både når det gjeld vurdering av kva for nokre nye barnehagar som skal få tilskot etter 2009 og ordningar for utmåling av kommunalt tilskot til godkjende ikkje - kommunale barnehagar.

Klepp kommune ynskjer ut frå dette utforminga av ny § 14 i tråd med alternativ 1.

### **Innhenting av nødvendige data i barnehagesektoren.**

Klepp kommune har ingen merknader til dette.

Klepp kommune, 13.12.2007

  
Trond Roy Pedersen  
kommunalsjef

  
Åse Kyllingstad Hatteland  
barnehagesjef